

Innkalling til møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Møtetid: onsdag 16. mars 2016 kl. 12.15

Stad: Seminarrom 400 i fjerde høgda av HF-bygget

Desse er kalla inn:

Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Kari Haugland (engelsk), Helge Vidar Holm (fransk), Reidar Veland (italiensk), Harry Solvang (japansk/kinesisk), Brita Bryn (russisk), Annette M. Jørgensen (spansk) og Åsta Haukås (tysk)

Frå gruppe B: Jacob Hoffmann

Frå gruppe C: Anna Polster

Frå gruppe D: Lars Ask, Monica Beeder, Ruben Alexander Nordvik og Martine Terese Toften

Dersom nokon ikkje kan møta, må dei sjølve be vararepresentant om å stilla.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 – godkjenning av referata frå 10. og 24. februar 2016

Referata vart sende ut med e-post 4. mars i år.

Sak 3 – orienteringssaker

- A. Tilsetjing i to stipendiatstillingar 1. august 2016.
- B. Utlysing av nye stipendiatstillingar. Instituttet vil sannsynlegvis få lysa ut fire eller fem nye stipendiatstillingar med oppstart 1. januar 2017. Den eine av desse er av fakultetet øyremerkt eit «forskningsstrategisk område». Dei andre stillingane er det heilt opp til instituttet å definera.

Sak 4 – Strategi med tiltaksplan for Institutt for framandspråk 2016-2019

Det har vore arbeidd med ny strategiplan for instituttet i fleire fasar. Først var det idémyldring i UUI og Forskingsutvalet og deretter allmøte ved instituttet i juni 2015. Leiargruppa arbeidde vidare med strategien på leiarsamlinga i desember 2015. I 2016 har avsnitta om forskinga ved instituttet vore drøfta i Forskingsutvalet, og avsnitta om undervisninga i UUI. Med utgangspunkt i dette har leiargruppa laga framlegget som no blir presentert.

Framlegg til vedtak: Rådet vedtek framlegget til strategi med tiltaksplan for 2016-2019.

Sak 5 – ymse

Åse Johnsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef